



Villanger & Sønner AS  
KNARVIK  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/550 - 17/22338

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
14.08.2017

## Avklaring av trong for ny dispensasjon - gbnr 214/38 Fyllingsnes

Vi viser til din førespurnad som gjeld dispensasjon for tiltak på gbnr 214/38, jf førespurnader mottatt 28.06.2017 og 02.08.2017, og vårt førebelse svar datert 17.07.2017.

Departementet har no kome med tilbakemelding i saka, sjå vedlegg. Denne støttar kommunen si førebelse vurdering, jf skriv datert 17.07.2017, om at oppføring av ny bustad på eigedomen krev ny søknad om dispensasjon og løyve til tiltak.

Når det gjeld dykkar førespurnad av 02.08.2017 som gjeld sakshandsaming av ny søknad kan vi ikkje gje noko førehandsvurdering av saka. Administrasjonen vil vurdere ein ny søknad om tiltak på eigedomen ut frå gjeldande planstatus, merknader frå naboar og eventuelle høyringsuttalar.

Vi gjer merksam på at arbeidet med rullering av kommuneplanen er igangsett og at rullering av arealdelen er del av dette arbeidet. I tillegg er det sett i gang arbeid med utarbeiding av reglueringsplan i området (Reguleringsplan for Nystøltunet). Eigedomen gbnr 214/38 vil, slik planforslaget per dato ligg føre, verta omfatta av denne planen. Ny søknad om tiltak vil verta vurdert opp mot igangsett planarbeid i området.

I samsvar med endringar i delegeringsreglementet i kommunen vil avslag på søknadar verta handsama administrativt og positiv innstilling verta handsama politisk av Plan- og miljøutvalet i faste møte.

Søknader vil verta handsama innanfor lovfesta tidsfristar.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Vedlegg:**

Departementet besvarer spørsmål om rammetillatelse og (1)

**Kopi til:**

Villanger & Sønner AS	KNARVIK	5914	ISDALSTØ
-----------------------	---------	------	----------

**Mottakrar:**

Villanger & Sønner AS	KNARVIK	5914	ISDALSTØ
-----------------------	---------	------	----------